



Askøy kommune,
Klampavikvegen 1,
5300 KLEPPESTØ

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

ASKØY KOMMUNE - BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN

Innleiing

Fylkesmannen har motteke særutskrift av kommunestyresak om budsjett for 2020 og økonomiplan 2020 - 2023, vedteke i kommunestyremøte 12. desember 2019.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrert). For alle kommunar kontrollerer Fylkesmannen at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Fylkesmannen vurderer kommunen sin økonomi og utviklinga slik den er planlagt i budsjett og økonomiplan. Der det er manglar etter forskrift om budsjett og økonomiplan, har vi påpeika dette og bede kommunane følgje opp.

Oppsummering av Fylkesmannen si vurdering

Det er budsjettert med eit betydeleg netto driftsunderskot for 2020 og ein stor del av disposisjonsfondet er difor planlagt brukt. Bakgrunnen er at eigedomsskatten er tatt bort frå 2019.

Økonomiplanen må vere i balanse og realistisk. Planen må vere slik at disposisjonsfondet blir på eit forsvarleg nivå i åra framover. Det er viktig for at kommunen skal ha økonomisk driftsreserve og handlefridom over tid.

Kommunen har eit høgt gjeldsnivå, særleg når vi ser det i samanheng med at kommunen har låge inntekter til å bere gjelda. Det er difor nødvendig at gjeldsauken framover blir låg.

Den økonomiske situasjonen til kommunen har gjort det nødvendig å ikkje prioritere vedlikehald av kommunal eigedom. På lengre sikt gir det store negative konsekvensar å ikkje prioritere kommunalt vedlikehald.

Budsjett 2020

Kommunen har budsjettert med kr 796.860.000,- i skatt på eige og inntekt for 2020. Kommunen sitt skattenivå i 2019 var berre 82,4 prosent av landsgjennomsnittet. Inntektsutjamninga i rammetilskotet er knytt til kommunen sitt skattenivå og skattenivået for landsgjennomsnittet. Ordinær skatt og rammetilskot er budsjettert med til saman kr 1689 mill. Skatt og rammetilskot er budsjettert i samsvar med vedteke statsbudsjett.



Innkomen eigedomsskatt i 2018 var om lag kr 54,9 mill. Kommunestyret har gjort vedtak om å ta bort eigedomsskatten frå og med 2019. Det er budsjettert med vertskommunetilskot (kr 41,3 mill.), integreringstilskot (kr 45,9 mill.) og rentekompensasjon (kr 4,4 mill.).

I kommunelova er det gitt minimumskrav for storleiken på årlege ordinære avdrag. Ein hovudregel vil vere at årlege låneavdrag som eit minimum må utgjere om lag 3 ½ - 4 prosent av lånegjelda (når formidlingslån og avdrag på slike lån ikkje er rekna med). Det er budsjettert med kr 112,7 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). Dei budsjetterte avdraga ser ut til å oppfylle kravet til minimumsavdrag i den nye kommunelova.

Driftsresultat

I førebels rekneskap for 2019 er det eit netto driftsoverskot med om lag kr 6,2 mill. Dette utgjør berre 0,3 prosent av driftsinntektene.

Det er eit mindreforbruk i førebels rekneskap per 31.12.2019 på om lag kr 26,1 mill., etter netto bruk av disposisjonsfond. Det var vedteke netto bruk av disposisjonsfond etter at eigedomsskatten vart vedteken tatt ut for 2019. Kommunen unngjekk likevel å få netto driftsunderskot i 2019, men fekk eit lite netto driftsoverskot med kr 6,2 mill. Resultatet i 2019 må bli sett i samanheng med den generelle skatteveksten som kommunane fekk utover pårekna skatt i statsbudsjettet og den positive utviklinga i finansmarknaden. Dette er ikkje inntekter som kommunane kan rekne med over tid.

Det tekniske berekningsutvalet for kommunal og fylkeskommunal økonomi har tilrådd eit nivå for netto driftsoverskot, i prosent av driftsinntektene, på minst 1,75 prosent for kommunane generelt.

Det er eit netto driftsunderskot i budsjett 2020 med kr 59,3 mill. Dette utgjør - 2,6 prosent av driftsinntektene. I budsjettet for 2020 er det lagt opp til netto bruk av disposisjonsfond med kr 54,4 mill. for å dekke det negative netto driftsresultatet i budsjettet. Det betydelege netto driftsunderskotet i budsjett 2020 skuldast i hovudsak at eigedomsskatten er teken bort frå 2019.

Økonomiplan 2020 - 2023

Kommunen har lagt til grunn følgjande økonomiske måltal:

- *«Gjeldsveksten for ikkje - sjølvfinansierande gjeld skal vere på gjennomsnittleg maks 3 prosent årleg i økonomiplanperioden.*
- *Netto driftsresultat skal vere minst 0,5 prosent av driftsinntektene.*
- *Disposisjonsfondet skal ha eit minimumsnivå på 80 mill. kr med oppbygging til 6,5 prosent av driftsinntektene.»*

Fylkesmannen si vurdering

Fylkesmannen er positiv til at kommunen har desse målsetjingane. Vi ser det som føremålstenleg å ha desse økonomiske måltala. Det gir betre grunnlag for å vurdere kommunen si økonomiske stilling.

Utvikling netto driftsresultat



I økonomiplanen er det lagt til grunn aukande økonomisk effekt av innsparingstiltak i planperioden 2020 - 2023. Økonomiplanen legg opp til netto driftsunderskot både i 2020 og 2021, men i vesentleg mindre grad i 2021 enn i 2020.

Det er lagt til grunn at kommunen vil få positive netto driftsresultat i 2022 og 2023, i aukande grad. Først i 2023 legg økonomiplanen opp til eit netto driftsoverskot (1,1 prosent av driftsinntektene) som er over kommunen si eiga målsetjing, jf. det økonomiske målalet på minst 0,5 prosent av driftsinntektene.

Netto driftsoverskot i økonomiplanen er for kvart år i planperioden lågare enn det tilrådde minstenivået på 1,75 prosent av driftsinntektene. Kommunen vurderer det som lite realistisk å oppnå eit netto driftsresultat på 1,75 prosent i denne økonomiplanperioden.

Utvikling disposisjonsfond

Kommunen sitt disposisjonsfond ved utgangen av 2019 (førebels rekneskap) var om lag kr 101 ½ mill. Det er redusert frå kr 127,3 mill. ved utgangen av 2018. Økonomiplanen legg opp til at disposisjonsfondet blir redusert i vesentleg grad i 2020 og 2021. Deretter er det lagt opp til at disposisjonsfondet blir bygd opp att frå og med 2022.

Økonomiplanen må vere i balanse og realistisk. Planen må vere slik at disposisjonsfondet blir på eit forsvarleg nivå i åra framover. Det er viktig for at kommunen skal ha økonomisk driftsreserve og handlefridom over tid. Registrering på grunnlag av kommunelova § 28-1 (ROBEK), vil bli eit sannsynleg resultat dersom ikkje budsjett og økonomiplan oppfyller krava til balanse og realisme.

På bakgrunn av behovet for å oppretthalde disposisjonsfondet, vil vi be kommunen nytte mindre-forbruket i rekneskapen for 2019, kr 26,1 mill. i førebels rekneskap, til avsetjing i disposisjonsfondet.

Investeringar med finansiering og utvikling av langsiktig gjeld

I 2020 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 294 mill. Av dette utgjer avgifts-finansierte investeringar i vassverk og avlaup til saman kr 110 mill. Dei største investeringane er ferdiggjering av Tveit skule og Klepestø barneskule.

Investeringane er i hovudsak planlagt finansierte med bruk av lån.

Det er budsjettert med startlån til vidare utlån, kr 40 mill.

Investeringane i vassverk og avlaup i 2020 vil vere fullt ut sjølvfinansierande gjennom gebyra. For framtidige investeringar i denne sektoren er det utfordrande å oppnå full sjølvfinansiering gjennom gebyra. Kommunen må arbeide med å redusere kostnadsnivået på desse investeringane på bakgrunn av kommunen sitt høge gjeldsnivå og låge inntektsnivå.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2019 kan reknast til kr 3412,5 mill., eller om lag kr 116500,- per innbyggjar. Pensjonsforpliktingar er ikkje rekna med i beløpet for lånegjeld. Lån finansierte over VA-området og formidlingslån inngår i brutto lånegjeld.

Den langsiktige lånegjelda utgjer ved utgangen av 2019 i alt 151 prosent av sum driftsinntekter.



Lånegjelda er no svært høg, både målt per innbyggjar og samanlikna med driftsinntektene. Brutto lånegjeld er pårekna å auke til om lag kr 4,5 mrd. ved utgangen av 2023. Sjølv om delar av gjelda vil vere sjølvfinansierande, er dette eit svært høgt gjeldsnivå.

Gjeldsnivået er særleg høgt på bakgrunn av at kommunen har eit lågt inntektsnivå. Den høge gjelda, og pårekna auke i gjelda i dei neste åra, inneber ei stor økonomisk belastning gjennom renter og ordinære avdrag.

Kommunen har eit av dei økonomiske nøkkeltala direkte knytt til lånegjelda: «*Gjeldsveksten for ikkje - sjølvfinansierande gjeld skal vere på maks 3 prosent årleg i økonomiplanperioden*».

Fylkesmannen er positiv til at kommunen har gjort vedtak om denne avgrensinga i gjeldsvekst. Planlagt ramme for gjeldsvekst er redusert samanlikna med tidlegare handlingsregel. På bakgrunn av ei vurdering av kommunen sin økonomiske situasjon, både inntekter og gjeldsnivå, ser vi det som heilt nødvendig med denne avgrensinga i gjeldsveksten framover. Kommunen sitt noverande inntektsnivå gjer det nødvendig å ha mindre gjeldsvekst enn tidlegare planlagt.

Vedlikehald

Kommunen har som følgje av den økonomiske situasjonen no utsett vedlikehald av kommunale bygningar. Det er i liten grad prioritert nye tiltak eller styrkingar av kommunalt vedlikehald. Over tid vil det vere svært uheldig å ikkje prioritere vedlikehald av kommunal eigedom.

Med helsing

Lars Sponheim

Gunnar O. Hæreid
ass. fylkesmann

Dokumentet er elektronisk godkjent

Gjenpart :

Vestland fylkeskommune, Sekretariat for kontrollutval, Postboks 7900, 5020 Bergen